

På lag med
framtida.
Voss Venstre 2019 - 2023



VENSTRE



**”Å satse på barn er
å satse på framtida**

Elin Seim

1. kandidat, Voss Venstre

Sats på barn.

I Voss herad skal alle barn og unge få mogleighet til å utvikla sine evner og finna sin plass gjennom leik, fellesskap og læring. Ei av dei viktigaste oppgåvene me har som samfunn, er å sjå til at ungdom kan gå ut i arbeidslivet med solide kunnskaper og ferdigheter, og med nyfikenhet og kreativitet.

Barnehage og skule skal gje barn motivasjon, uavhengig av interesser, og det skal leggjast til rette for alle.

Moglegheiter til valgfri fordjuping, utforsking og læring i ulikt tempo er ein føresetnad for god læring og utvikling.

Me vil:

- ✓ ha kraftig auke i fysisk aktivitet i skulekvardagen for 1. – 3. klasse
- ✓ starta ei ordning for fleksibel skulestart
- ✓ sikra rehabilitering av skule- og barnehagebygg
- ✓ oppretthalda barnehagetilbud i alle delar av Voss herad
- ✓ satsa på digitalisering i skulen
- ✓ etablera høgare utdanning på Voss
- ✓ ha prøveprosjekt med leksefri skule

Ta vare på naturen.

Voss herad skal ha ein aktiv miljøpolitikk som sikrar komande generasjonar moglegheiter til eit godt liv. Venstre vil ta vare på og vidareutvikla vår mangfaldige natur, der rein luft, reint vatn og biologisk mangfald står i sentrum. Miljøomsyn vev seg inn i alle politikkområde, om det gjeld samferdsel, næringsliv, reiseliv, utdanning eller landbruk. Venstre vil difor halda fram miljøperspektivet i all vår politikk.

Me vil:

- ✓ Sikra framtidig drift av flyplass på Bømoen der utvikling av el-fly står sentralt
- ✓ sikra for flaum oppstraums Vangsvatnet
- ✓ sikra vasskjelder for framtidige generasjonar
- ✓ ha eige klimarekneskap for Voss herad
- ✓ at minst 75% av nykjøpte kommunale køyretøy skal vera energivenlege
- ✓ legga til rette for omfattande bruk av el-sykkel
- ✓ ha energieffektive løysingar i alle kommunale bygg
- ✓ hindre spreiling av gummigranulat og stoppa etablering av nye tiltak med gummigranulat

” Voss treng ein ambisiøs klimaplan som tek i bruk ny teknologi og som set klare mål

Frédéric Larsen

2. kandidat, Voss Venstre



**” Me jublar for den som satsar,
enten det gjeld ein kaffibar
eller eit teknologiselskap!**

Leif Helge Vevatne

4. kandidat, Voss Venstre



Næringsliv i vekst.

Eit mangfaldig, nyskapande og grønare næringsliv er avgjerande for å halda oppe eit godt velferdsnivå. Det finnes allereie mange innovative og motiverte etablerarar som står for stor verdiskaping. Venstre vil halda fram med å stimulera til etablering av små og mellomstore bedrifter lokalt, samstundes som me vil heia på dei som vrir drifta i ei grønare retning.

Venstre vil ha eit berekraftig landbruk der lokal matproduksjon står sentralt. Lokale matprodusentar og småskalaproduksjon av lokalmat held lokal mattradisjon i live og skapar vekst i ei viktig næring. Våre rike beiteressurar og skogen må takast i vare gjennom samarbeid med landbruksorganisasjonane for å nyttja den kompetanse og erfaring som finnes lokalt.

Me vil:

- ✓ sikra eit strengt jordvern og leggja til rette for meir lokal matproduksjon
- ✓ auka produksjon av frukt og grønsaker i vår region
- ✓ at bønder fortrinnsvis skal eige jord i staden for å leige jord
- ✓ at lokalprodusert mat skal vera første val for heradet sine eigne kjøkken
- ✓ at Voss herad skal vera ein attraktiv stad for kurs og konferansar
- ✓ halde ved like eksisterande- og utvikla nye "turistmagnetar" i heile heradet
- ✓ styrka innovasjon og grunderskap som tema i heile skuleløpet gjennom samarbeid med "ungt entrepenørskap" og lokalt næringsliv
- ✓ dobla tal lærlingar i heradet til å bli 2 pr. 1000 innbyggjar
- ✓ ta i bruk reisemålsbidrag for å oppgradera infrastruktur som reisedestinasjon

venstre.no/voss

Ein god stad å vera - heile livet.

Grunnlaget for god folkehelse vert lagt i oppvekst og ungdom. Det er difor dei universelle tiltaka som er viktigast for helsa vår: ein god barnehage, god skule, inkluderande arbeidsliv, høve for alle til å ta del i samfunnslivet og deltaking i frivillige aktiviteter som idrett og friluftsliv.

Gode pleie- og omsorgstenester får me ved å halde fast i det me veit fungerer i dag, samstundes som me vågar å gå nye vegar. Då kan me vera trygge på at helse- og omsorgstenestene vil utvikla seg for å møta framtida på ein god måte.

Me vil:

- ✓ sikra at eldre kan bu heime lenger, gjennom tiltak som "førebyggande team" og vaktmestertenester
- ✓ ha fastlegetilbod i Granvin, også i framtida
- ✓ at alle skal ha tilgang til Bømoen sitt nettverk av løyper og stiar som eit viktig folkehelsetilbod
- ✓ auka kompetansen innan psykiatri- og rusbehandling hjå helsepersonell
- ✓ etablera fleire omsorgsbustadar og auka tilbod i heimesjukepleie
- ✓ styrka avlastningstilboden til pårørande til menneske med demens
- ✓ at lov om universell utforming vert handheva
- ✓ at Voss herad skal vera ein føregangskommune når det kjem til bruk av velferdsteknologi
- ✓ aktivt bidra til at menneske med nedsett funksjonsevne lettare kjem seg inn i arbeidslivet

venstre.no/voss

Liv i heile heradet.

Med ei samanslåing av Granvin og Voss med sine sterke stasjonsgrender, ligg alt til rette for eit slagkraftig og framtidsretta herad. Me skal utvikle eit herad der moderinsering og historie utfyller kvarandre og der folk buset seg og skapar liv i alle grender.

Voss herad er i stadig utvikling. Me må ta inn over oss tida me lev i med entusiasme og kreativitet, samstundes som me må verne og vidareutvikle Voss sin historiske identitet. Eit sentrum skal ha plass til næringsliv, bustader, kulturaktørar og gode møteplassar. Me vil ha eit sentrum som satsar på grøn transport, attraktive sentrumstnære bustadar og gode stader å vera.

Me vil:

- ✓ ikkje prioritera bustadbygging i Bømoen
- ✓ satsa på eit variert bustadtilbod i sentrumsnære område
- ✓ etablera nettverk av sykkelvegar som knyter nærområda til sentrum
- ✓ ha ein sentrumsplan som skapar auka aktivitet, inkluderande miljø og trygge og attraktive uterom for alle
- ✓ prioritera trygge skulevegar i heile Voss herad
- ✓ legga til rette for bustadbygging i grenadene
- ✓ ha tilrettelagt for parkering og lading av el-sykkel i alle framtidige bygge- og utviklingsprosjekt.
- ✓ satsa på el-buss og legga til rette med infrastruktur for lading

venstre.no/voss



**” Eit opent, ryddig og
rettferdig Voss herad**

Jens Håkon Birkeland

3. kandidat, Voss Venstre

Eit demokratisk Voss herad.

**Voss herad skal ha eit levande demokrati der openheit og
innsyn er ein viktig føresetnad. Voss herad må ha gode
rutinar for sakshandsaming samt opne og gode prosessar.
Me må ha rutinar og etiske retningslinjer som bidreg til å
byggja tillit mellom administrasjon, politikarar
og innbyggjarane.**

Me vil ha ein open og fordomsfrei debatt, der alle kan gje uttrykk for sitt syn. Me vil lytta til innbyggjarane som engasjerer seg og ta innspel på alvor. kvar og ein av oss har både rettar og plikter i kvardagen og i lokalsamfunnet vårt. Det inneber at me må ha stor grad av tillit til at kvar og ein av oss er i stand til å ta gode val for eigne liv.

Me vil:

- ✓ at tilsette i Voss herad skal ha tryggleik for å ytra seg
- ✓ nytta meiroffentlegheits-prinippet i alt me gjer
- ✓ sikra innbyggjarane enkel tilgang til oppdatert informasjon og saksgang
- ✓ jobba for åpne politiske debattar som alle kan sjå via nett-tv
- ✓ ha brei medverknad frå innbyggjarar i heile Voss herad gjennom nye samarbeidsforum
- ✓ ha slutt på at avgjerder vert teke på ”bakrommet”utan åpen debatt

venstre.no/voss

Venstre i Voss herad.



1. Elin Seim

Utdanna sjukepleiar med erfaring innan leiing, akuttmedisin, beredskap- og kvalitetsarbeid. Gruppeleiari for Voss Venstre sidan 2017. Elin brenn spesielt for barn og unge, beredskap, klima, næringspolitikk og sentrumsutvikling.



2. Frédéric Larsen

Psykiatrisk sjukepleiar med master i helseadministrasjon. Tilsett som direktør ved Voss DPS. Særleg oppteken av kultur, klima og helsepolitikk med spesielt fokus på psykisk helse.



3. Jens Håkon Birkeland

Jens Håkon brenn for frivilliglagsliv, urørt natur og miljø og for at Voss herad skal pregast av opne, ryddige og rettferdige prosesser.



4. Leif Helge Vevatne

Elkraft-ingeniør og gründer. Erfaring frå oljebransjen og etablering av verksemder. Han er særleg oppteken av flauvregulering, aktive barn i skulen, positiv utvikling av Voss herad, bærekraftig turisme og åpne politiske prosessar.



5. Katrina Øvsthus Stavenes

Master i rettsvitenskap. Aktiv i Venstre sidan 2015. Katrina er svært engasjert i miljø, eldreomsorg og oppvekstvilkår for barn og unge

6. Anders Djønne, Djønno

7. Jenny Eidnes Kjerland,
Granvin

8. Odrun Vellene Vevatne,
Kyte

9. Rigmor Pettersen
Onarheim, Vossevangen

10. Oddmund Peder
Nygård, Vossevangen
11. Rolf Abrahamsen,
Skulestadmo

12. Astrid Rongen, Bolstad

13. Atle Seim, Granvin

14. Margun Torget Østrem,
Palmafossen

15. Jon Arvid Himle,
Vossevangen

16. Hilde Klette, Tvedemoen
17. Bjarte Nedkvitne,
Gullfjordungen

18. Stine Hernes Nestås,
Brynaflaten

19. Geir Inge Kvite, Bordalen

20. Arne Jørgen Havås,
Granvin

21. Arvid Birkeland, Rognsli

22. Geir Runar Kvite, Bordalen

23. Britt Gunvor Trefall Hernes,
Gjernes

24. Torstein Gunnarson,
Bolstad

Les meir om all vår politikk for eit betre
Voss herad på

venstre.no/voss

